

Tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv. – kort innføring

Norsk Bonde- og Småbrukarlag, nettseminar 20. februar 2025

Anne Berit Grasbakken, seniorrådgjevar, Statsforvaltaren i Innlandet



Statsforvalteren i Innlandet



20.02.2025



Disposisjon

- Kort om ordninga og regelverket
- Kven gjer kva
- Utfylling av søknaden
- Spørsmål

Mål:

1. Du som høyrer på blir betre kjend med ordninga
2. Kjennskap til ordninga fører til riktig utfylt søknad, som gir kortare saksbehandlingstid og utbetalinga kjem raskare



Kort om ordninga og regelverket



[Forskrift om tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel mv - Lovdata](#)

- § 1 Formål: å medverke til å dekkje kostnadene til avløysing ved eigen eller barns sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon eller omsorgsovertaking, og ved dødsfall.
- § 2 Forhald til jordbruksoppgjernet og anna regelverk – bl.a. korleis tilskotet blir rekna ut og trekk av andre inntekter
- § 3 Generelle vilkår - krav til føretaket, krav til næringsinntekt for den avløyste, krav til avløysar



Regelverket: Årsaker til avløysing

§ 4 Tilskot ved eigen sjukdom



§ 5 Tilskot ved svangerskap, fødsel, adopsjon og overtaking av omsorg



§ 6 Tilskot ved sjukdom hos barn



§ 7 Tilskot ved dødsfall



Alle foto: Microsoft



Regelverket

- § 8 Søknad – søknadsfrist 1 år
- § 9 Administrasjon, dispensasjon og klage – kan søke dispensasjon frå vilkår
- §10, 11 og 12: Kontroll og avkorting
- § 13 Tilbakebetaling og renter



Regelverket: Utrekning jf. § 2

- Produksjonar: Husdyr, korn, potet, frukt, bær, grønnsaker, bifolk og veksthus gir grunnlag for tilskot (grasproduksjon gir ikkje grunnlag)
- Storleik på produksjonen (talet på dyr/dekar/bifolk/m²) gir eit grunnlag som bestemmer dagsatsen:

Innholdet i tabell 9.3 foretakets maksimale dagsats, for de to siste årene:

Tilskuddsgrunnlag, kr	Maksimal dagsats 2025, kr	Maksimal dagsats 2024, kr
5 000 – 12 000	862	813
12 001 – 18 000	1 253	1 181
18 001 – 24 000	1 677	1 581
24 001 – 30 000	2 100	1 980
> 30 000	2 600	2 450



Regelverket: Trekk i dagsatsen jf. § 2



1. Alle inntekter (inkl. uføretrygd og AAP) som den avløyste har opptent i perioden det blir søkt tilskot for, skal trekkast frå dagsatsen, med unntak av næringsinntekt og barnetrygd
2. Sjøl om den avløyste er sjukmeldt berre fra arbeid i føretaket, skal inntekt som er nemnt i pkt. 1 bli trekt frå

NB! Viktig å gi opp alle inntekter for å unngå feil og mogleg avkorting i tilskot (jf. § 12)



Regelverk: Døme på trekk frå dagsatsen

Jordbrukskaren er sjuk i perioden 1. mars-31. mars 2024.

Maks dagsats 2 450 kr.

Dei første 16 dagane får ikkje jordbrukskaren sjukpengar, men frå 17. mars får vedkommande 1 000 kr/dag.

I tillegg har han eit styreverv med godtgjering 12 000 kr/år.

Utrekning:

Tilskot $2\ 450 \text{ kr/dag} \times 31 \text{ dg} = 79\ 950 \text{ kr}$

Trekk:

Sjukepengar

$1000 \text{ kr/dag} \times 15 \text{ dg} = 15\ 000 \text{ kr}$

Styreonorar

$12\ 000 \text{ kr/år} : 12 \text{ mnd} = 1\ 000 \text{ kr}$

Tilskot til utbetaling for å dekke utgifter inntil:

$79\ 950 - 15\ 000 - 1\ 000 = 59\ 950 \text{ kr}$



Kven gjer kva

- **Søkar** = føretaket, søker med organisasjonsnr. (ved dødsfall er det attlevande ektefelle m.fl. som søker med fødselsnr.). Søkar alltid ansvarleg for rett utfylt søknad
- **Avløysarlag m.fl.** – kan hjelpe til med utfylling av søknad
- **Kommunen/landbrukskontoret** – veileder søker, saksbehandlar og gjere vedtak, sender brev til søker om vedtak
- **Statsforvaltaren** – behandler klager og dispensasjonssøknader, veileder og kontrollerer kommunane
- **Landbruksdirektoratet** – utbetaler tilskot, behandler klager og dispensasjonssøknader, veileder og kontrollerer Statsforvaltar
- **Landbruks- og matdepartementet** – jordbruksforhandlingar
- **Stortinget** – vedtek jordbruksavtale, vedtek lover



Utfylling av søknaden

- Tips til utfylling [Tilskudd til avløsning ved sykdom og fødsel - Landbruksdirektoratet](#)
- Søknadsskjemaet ligg i Altinn: [Altinn - Tilskudd til avløsning av jordbrukere ved sykdom og fødsel mv.](#)
- Sørg for å ha naudsynt opplysninger om kontaktperson, den avløyste, årsak, avløysar m.m.
- Sørg for å ha naudsynt dokumentasjon klar:
 - Utgifter til avløysar (faktura eller A-melding)
 - Dokumentasjon av når avløysinga skjedde og arbeidsoppgåver som avløysar gjorde (timelister)
 - Vedtak frå NAV om sjukepengar, foreldrepengar, omsorgspengar m.m.
 - Fødselsattest
 - Lønsslipp for eventuell inntekt opptent i perioden du er avløyst



Godkjende arbeidsoppgåver og utgifter

Godkjende arbeidsoppgåver:

Arbeidsoppgåver som ein jordbrukar normalt utfører sjølv som t.d.:

- Stell og føring av husdyr
- Onnearbeid
- Vedlikehald og reparasjonar
- Snøbrøyting på garden

Ikkje godkjende arbeidsoppgåver:

- Vedproduksjon
- Snøbrøyting som entreprenør
- Oppføring av nybygg
- Veterinær, røyrleggar, elektrikar m.m.

Ikkje godkjende utgifter:

- Materiell som t.d. rundballeplast
- Leige av maskin t.d. til rundballepressing



Krav til næringsinntekt i referanseåra jf. § 3



Ulike krav avhengig av kven den avløste er:

- Innehavar (ENK) – krav til næringsinntekt (overskudd, underskudd eller 0)
- Ektefelle til innehavar, deltar i samdrift (DA, ANS), ektefelle til deltar i samdrift og jordbrukar som dør må ha minimum $\frac{1}{2}$ G i snitt for «referanseåra»
- Ny brukar som er innehavar (ENK) – kommunen kan vurdere om produksjonen vil gi overskot på sikt
- Når den avløyste ikke fyller kravet til næringsinntekt, må vedkommande søke Statsforvaltaren om dispensasjon

Næringsinntekta må komme fra det føretaket som søker tilskot til avløsing



Dispensasjonssøknad



- § 9: *Landbruksdirektoratet og statsforvalteren kan i særskilte høve dispensera frå vilkåra i § 3 andre ledd, § 4 t.o.m. § 7 samt § 8 andre ledd.*
- Vanlegaste årsak er at kravet til næringsinntekt ikkje er oppfylt. Da får du stoppmelding i Agros.
- Skriv søknad om dispensasjon
 - forklar situasjonen og legg gjerne ved skatteoppgjer for referanseåra (om det finst)
 - skriv under og dater
 - skann og last opp i Agrosøknaden om tilskot, eller lever på papir til kommunen (ikkje e-post pga. sensitive opplysningar)



Spørsmål?

Foto: Ku på beite (fotograf: Anne Berit Grasbakken)





Her kan ein lese seg opp!
Tilskudd til avløsning ved sykdom
og fødsel - Landbruksdirektoratet



Bruk landbrukskontoret i
kommunen din om du
har spørsmål!

Lykke til!

Takk for meg!